



Arkivnr: 2017/16584-16  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		06.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018
Fylkestinget		06.03.2018

## Ny tilskotsordning for fagskulesektoren 2018

### Samandrag

I samband med stortinget si handsaming av Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden vart det vedteke ei ny øymerka tilskotsordning for fagskulesektoren. I den nye ordninga vil staten gje tilskot til fylkeskommunane som vidare skal forvalte tilskotet i høve til regionalt kompetansebehov. Den nye tilskotsordninga er basert på ei grunnfinansiering og eit resultatbasert tilskot. I overgang til ny tilskotsordning er ikkje alle tilhøva ved ordninga på plass, og dette vil det mellom anna verte gjort greie for i denne saka.

**Økonomi:** Inntekter til fagskuleutdanning som har vore frie midlar, vert øymerka tilskot frå og med 2018.

**Klima:** Ingen kjend effekt.

**Folkehelse:** Ingen kjend effekt.

**Regional planstrategi:** Satsing på fagskuletilbodet i Hordaland er i tråd med regional planstrategi.

### Forslag til innstilling

1. Endringane i tilskotsordninga for fagskulane vert teken til vitande
2. Ramma for budsjett til fagskule vert oppretthalden i samsvar med årsbudsjett 2018
3. Det vert ikkje gjort endringar i fondsreglane for Fagskolen i Hordaland i denne omgang

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg:

- 1 F-4443\_Orientering om tilskuddsordningen for fagskuleutdanning 2018(1262520)
- 2 Statsbudsjettet for 2018 kap. 240 post 60 - Oppdragsbrev om forvaltning av tilskudd til fagskoledrift

## Fylkesrådmannen, 07.12.2017

I samband med stortinget si handsaming av Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden vart det vedteke ei ny øyremerka tilskotsordning for fagskulesektoren. I den nye ordninga vil staten gje tilskot til fylkeskommunane som vidare skal forvalte tilskotet i høve til regionalt kompetansebehov. I denne saka vert det først gjort greie for den nye tilskotsordninga. Vidare vert tilskotsmodell for private/eksterne fagskular omtala, og deretter vert det vist kva konsekvensar dette får for fylkesbudsjettet som er vedteke for 2018. Til slutt vil det verte gjort greie for kva fondsreglar som skal gjelde for fagskulen i samband med den nye tilskotsordninga.

### 1. Ny tilskotsmodell for fagskuleutdanning

Regjeringa vil gjennom samla statleg tilskotsordning, dialog og lovgeving leggje til rette for gode vilkår for fagskuleutdanning i tråd med regionale og nasjonale kompetansebehov. Den nye tilskotsordninga består av midlar frå tre tidlegare finansieringsordningar:

- Midlar til rammetilskot til fylkeskommunane over Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt budsjett.
- Midlar til fylkeskommunane til helse- og sosialfaglege fagskuleutdanningar over Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) sitt budsjett, som var forvalta av Helsedirektoratet.
- Tilskot til 14 private fagskular over Kunnskapsdepartementet (KD) sitt budsjett.

I 2018 er såleis desse tre kjeldene til midlar samla i éi tilskotsordning over KD sitt budsjett. På bakgrunn av dette fordeler KD tilskot til fylkeskommunane som får ansvar for å gje tilskot vidare til eigne fagskular og private/eksterne fagskular i fylka. Dette er i tråd med det forvaltningsansvaret fylkeskommunane har gjennom fagskulelova (ivareta lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov knytt til fagskuleutdanning) og ansvar for kompetansepolitiske planar i regionen.

Den nye tilskotsordninga kan ein sjå på som todelt, der KD gjev tilskot til fylkeskommunane basert på fagskuleaktiviteten i fylket som har offentleg finansiering; søknader frå fylkeskommunen om eventuell auke i ramme, eller tilskot til kvalitetshevande tiltak, infrastruktur med meir. Desse tilhøva er såleis ein relasjon mellom fylkeskommunen og KD. Den andre sida av tilskotsordninga er ein relasjon mellom fylkeskommunen og fagskulane, der fylkeskommunen skal gje tilskot vidare til både eigne og private/eksterne fagskular. Fylkeskommunen har såleis eit betydeleg ansvar for å forvalte og koordinere tilskot til fagskular, nærare bestemt:

- Vurdere og dokumentere kompetansebehovet i fylket gjennom kontakt med både næringsliv og fagskular
- Søkje KD om midlar i tråd med kompetansebehovet og vekstpotensialet
- Vurdere og prioritere kva tilbod som skal få tilskot basert på dokumenterte behov
- Fastsetje finansiering av eige fagskuletilbod som skuleeigar
- Forvalte tilskotsordning for private/eksterne fagskular med studiestad i eigen region
- Innhente rapportering og studentdata frå dei private/eksterne fagskulane
- Rapportere studentdata og økonomidata til KD for det totale tilskotet til fylkeskommunen
- Søkje KD om midlar til eventuelle kvalitetshevande tiltak og investeringar i infrastruktur

Fordelen med den nye finansieringsordninga er at fylkeskommunen kan få finansiering til fleire studentar og investeringar gjennom søknadsordningane og dialogmøte med KD. I tillegg vil fylkeskommunen i større grad kunne nytte fagskulane som eit verkemiddel, som del av kompetansepolitiske strategiar. Det følgjer også nokre utfordringar med den nye tilskotsordninga; nokre er kortsiktige i høve til at dette er ei ny ordning der ikkje alle føresetnadene for tilskotet er kjent. KD arbeider til dømes framleis med korleis fylkeskommunane skal rapportere på tilskotet, og kva spesifikke kandidatmål fylkeskommunane skal innfri. Dette gjev fylkeskommunen kortare tid til å planleggje fordeling av tilskot basert på prioriteringar. Ei anna utfordring for fylkeskommunen er at det ikkje følgjer ressursar til denne forvaltningsoppgåva. I Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden vurderer departementet det slik at fylkeskommunane allereie hadde ansvar for å forvalte fagskulesektoren samt å gje tilskot i eigen region, og at det såleis ikkje var naudsynt med meir ressursar til dette arbeidet. I 2010, då fylkeskommunane fekk forvaltningsansvar for

fagskulesektoren i samband med forvaltningsreforma, vart det heller ikkje gjeve ressursar til dette. Fylkeskommunen får i 2018 eit utvida ansvar for forvaltninga av fagskulesektoren gjennom dokumentasjon, søknadshandtering, koordinering og rapportering utan at det følgjer med fleire ressursar.

### Korleis tilskotsordninga skal praktiserast

Den nye tilskotsordninga baserer seg på eit grunntilskot og eit resultatbasert tilskot. I 2018 har fylkeskommunane fått vidareført 80 % av dei tre tidlegare finansieringskjeldene (som nemnt over) som eit grunntilskot. 20 % av midlane vert gjeve som eit resultatbasert tilskot basert på kor mange fagskulepoeng som er produsert i det ein skilde fylke. Grunntilskotet Hordaland får i 2018 er på kr 75,7 mill. og vil verte vidareført i åra framover. Meininga er å gjere finansieringa av fagskulane føreseieleg og sikre ei grunnfinansiering av tilbodet som eksisterer i fylket. Grunntilskotet er ikkje basert på ein sats, men det resultatbaserte tilskotet er rekna til kr 22 932,- per 60 fagskulepoeng i 2018. Satsen for det resultatbaserte tilskotet kan verte endra i 2019, men om denne vert auka eller redusert, veit ein ikkje. Tabellen under syner kor mykje grunntilskot og resultatbasert tilskot Hordaland fylkeskommune får i 2018.

Fagskole	Grunnfinansiering	Resultatbasert	Totalt
Helsefagskular	6 590 000	1 338 000	7 928 000
Fagskolen i Hordaland	64 328 000	18 082 000	82 410 000
Kunstskolen i Bergen	4 826 000	1 206 000	6 032 000
<b>Totalt</b>	<b>75 744 000</b>	<b>20 626 000</b>	<b>96 370 000</b>

Tabell 1. Tilskot til fagskuleutdanning i Hordaland 2018 over statsbudsjettet.

Det resultatbaserte tilskotet til helsefagskular i tabellen over gjeld berre fagskular som har studiestad i Hordaland. Fagskular som før har fått tilskot av Hordaland fylkeskommune, vil få sitt resultatbaserte tilskot frå den fylkeskommunen der fagskulen har studiestad eller forretningsadresse.

Frå 2019 har det resultatbaserte tilskotet open budsjetttramme. Det vil vere rapporterte fagskulepoeng avlagt i 2017 som vert lagt til grunn for den resultatbaserte utteljinga i 2019. At ramma er open, gjer at auken i det resultatbaserte tilskotet ikkje er avhengig av om andre fagskular har høg eller låg produksjon av fagskulepoeng.

I tillegg til grunnfinansieringa har fylkeskommunane høve til å søkje KD om tilskot til nye studentar. I 2018 vart det lyst ut midlar til 638 nye studieplassar, og Hordaland fylkeskommune har søkt tilskot til om lag 95 nye plassar under denne ordninga. Dei nye studieplassane må vere til heilt nye tilbod, eller til auke i allereie eksisterande tilbod. I motsetnad til grunntilskotet er dei nye studieplassane basert på ein sats. Satsen for ein heiltidsekvivalent student er kr 69 000,-, og i tillegg vert det gjeve 17 000,- som resultatbasert tilskot per 60 fagskulepoeng som vert produsert med dei nye studieplassane.

For meir informasjon om tilskotsordninga sjå vedlagt orientering frå KD og oppdragsbrev (vedlegg 1 og 2).

## 2. Tilskotsordning til eksterne fagskular

Som nemnt over skal fylkeskommunane forvalte eiga tilskotsordning for eksterne fagskular som til dømes private eller ideelle stiftingar som har NOKUT-godkjenning for fagskuledrift. Eksterne fagskular kan vere eit supplement for fylkeskommunane for å oppnå ei større breidde i tilbodet. I Hordaland er det eksterne fagskular som får offentleg støtte til helsefagskuleutdanning, og dette gjev fylket eit breiare tilbod innan helsefaga.

Den nye tilskotsordninga for eksterne fagskular er ikkje etablert, men det pågår eit nasjonalt arbeid for å utarbeide ei felles ordning for fylkeskommunane på oppdrag frå Forum for fylkesutdanningssjefer (FFU). Årsaka til at ordninga ikkje er klar enda, er at fylkeskommunane først i slutten av november 2017 fekk informasjon om kva føresetnader KD set for tilskotet. Forslag til felles tilskotsordning til eksterne fagskular

er sjølvsagt frivillig for den einsskilde fylkeskommune å nytte, men det er ein stor fordel at ordninga er lik på tvers av fylka. Ei felles ordning vil mellom anna gjere det enklare for eksterne fagskular som har studiestader i fleire fylke å søkje tilskot, og også å rapportere på tilskotet. I tillegg er det ein fordel med felles satsar og utbetalingsprosedyrar. Hordaland fylkeskommune deltek i arbeidet med å utvikle felles tilskotsordning.

Dei eksterne fagskulane som innleiingsvis i denne saka vart omtala som dei 14 private med finansiering over KD sitt budsjett før 2018, vert ikkje omfatta av den nye tilskotsordninga i 2018. KD har bede dei fylkeskommunane som har ein slik fagskule i sitt fylke, om å vidareføre tilskotet som KD har fastsatt i 2017. I Hordaland gjeld dette Kunstskolen i Bergen.

Før 2018 forvalta fylkeskommunane som nemnt tilskot til helsefagskuleutdanning under ordning ved Helsedirektoratet. Tilbod som er oppretta under denne ordninga, vert føreslått vidareført med dei same føresetnadene som før med tanke på mellom anna studentsats, rapportering og utbetalingstidspunkt. Det vil seie at dei studentane som fagskular har fått tilskot for over tidlegare ordning, vert handsama under same ordning som før til dei er ferdig utdanna. Dei siste studentane under denne ordninga vil vere ferdig med utdanningane våren 2019. Årsaka til dette forslaget er at studieplassane som vart oppretta under tilskotsordninga ved Helsedirektoratet, hadde *ein* sats for nettbaserte tilbod, og *ein* sats for stadbaserte tilbod, medan det i den nye tilskotsordninga er lagt opp til berre éin sats uavhengig av utdanningsform. Dersom ein fører desse studentane over i ny ordning med nye satsar, vil budsjettramma for helsefagskuleutdanningane ikkje gå i balanse.

### 3. Fylkesbudsjettet i 2018

I 2018 er total budsjettramme for fagskuledrifta i Hordaland på i overkant av 110 millionar kroner. Av dette er i overkant av 96 millionar øyremerka statstilskot. Hordaland fylkeskommune sine netto driftsutgifter til fagskuledrift er difor i overkant av 14 millionar kroner i 2018.

Av total budsjettramme på 110 millionar kroner går i underkant av 94 millionar kroner til drift av Fagskolen i Hordaland, i overkant av 2 millionar til fagskuleadministrasjon og fellesutgifter, 6 millionar er tilskot til Kunstskolen i Bergen, og vel 8 millionar går til tilskot for helsefag.

Hordaland vel framleis å prioritere fagskuledrifta høgt i 2018, då totalt 14 av 110 millionar kroner vert finansiert av Hordaland sine eigne budsjettmidlar. Dette utgjer i underkant av 13 % av dei totale driftsutgiftene.

Då budsjettet for Hordaland vart utarbeidd, visste ein ikkje berekningsgrunnlaget for tilskotet til fagskuleutdanning, berre totalen. Etter at fylkeskommunen fekk utrekningsgrunnlaget, ser ein at tilskotet til helsefag er noko lågare enn det er budsjettert med, medan tilskotet til Fagskolen i Hordaland er noko høgare enn det er budsjettert med (jf. tabell 1). Fylkesrådmannen vil tilrå at opphavelag vedteken ramme i fylkesbudsjettet vert oppretthalden. Årsaka til det er at det vil få store negative konsekvensar for det helsefaglege fagskuletilbodet i 2018 dersom denne ramma vert redusert med om lag ein halv million. KD har ikkje prisjustert ramma som tidlegare låg under HOD sitt budsjett frå 2017 til 2018, og dette gjer også at ramma vert låg for nye tilbod hausten 2018.

### 4. Fondsreglar for Fagskolen i Hordaland

Skulane i Hordaland fylkeskommune har tidlegare fått setje av eit eventuelt overskot til disposisjonsfond. I 2014 vedtok fylkesutvalet maksimumsgrenser for kor store fond skulane kunne setje av, og i budsjettet for 2017 vart det vedteke at skulane i Hordaland fylkeskommune berre får setje av eit eventuelt overskot til disposisjonsfond viss opplæringssektoren totalt sett ikkje har underskot. Dette gjeld også Fagskolen i

Hordaland. Dette betyr at skulen ikkje kan planleggje meir langsiktige investeringar med føresetnad om å bruke fondsmidlar.

Ubrukte statlege midlar kan ein setje av på bundne fond, men så lenge HFK nyttar 14 millionar av egne midlar til å finansiere fagskuledrifta, er dette ikkje ei aktuell problemstilling knytt til det øyremerkta statstilskotet på 96 millionar. Det kan likevel vere aktuelt knytt til konkrete prosjektmidlar HFK vert tildelt utanom.

I 2018 er det i investeringsbudsjettet vedteke eit budsjett på 30 millionar til større undervisningsutstyr i opplæringssektoren. Fagskolen i Hordaland kan søkje om midlar frå denne budsjettposten på same måte som dei vidaregåande skulane.